



Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering.
Se mottakerliste nedenfor.

Dato: 26.08.2021
Vår ref: 14/01502-62
Deres ref:

Tildeling av driftskonsesjon etter minerallova for Bruland sandtak i Sunnfjord kommune. Tiltakshavar: Røyseth Maskin AS.

POST- OG BESØKSADRESSE

Ladebekken 50
7066 Trondheim

TELEFON + 47 73 90 46 00

E-POST post@dirmin.no

WEB www.dirmin.no

GIRO 7694.05.05883

SWIFT DNBANOKK

IBAN NO5376940505883

ORG.NR. NO 974 760 282

SVALBARDKONTOR

TELEFON +47 79 02 12 92

1. Tildeling av driftskonsesjon

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) viser til søknaden om driftskonsesjon datert 20. oktober 2014 frå Røyseth Maskin AS, org.nr. 911 715 732. Røyseth Maskin AS, org.nr. 911 715 732, heretter kalla «Tiltakshavar» eller «Tiltakshavaren», får med dette driftskonsesjon etter minerallova § 43.

Tiltakshavaren får driftskonsesjon for uttak av lausmassar i Bruland sandtak på eigedomane gnr./bnr. 60/227 og 60/44 og del av eigedomane gnr./bnr. 60/15, 60/23 og 60/24 i Sunnfjord kommune. Mineralførekomsten høyrer til kategorien mineral som grunneigaren eig.

Konsesjonsområdet har eit areal på kring 176 daa og går fram av kart i vedlegg 1.

Etter reguleringsplan for Bruland sandtak vedteken 16. desember 2004 er området regulert til masseuttak.

DMF gjer merksam på at ein driftskonsesjon gitt i medhald av minerallova ikkje erstattar krav om løyve, godkjenning, arealplan eller konsesjon etter annan lovgjeving.

2. Vilkår for driftskonsesjonen

Konsesjonen blir gjeven på desse vilkåra:

2.1. Driftsplan

Drifta skal til ei kvar tid gå føre seg i samsvar med ein driftsplan godkjend av DMF.

Dersom Tiltakshavaren ønskjer å gjere vesentlege avvik frå driftsplanen, skal DMF godkjenne dette på førehand.

DMF kan krevje ny oppmåling og at ajourførte kart og profilar skal sendast inn når DMF finn det nødvendig.



2.2. Økonomisk sikkerheit

Tiltakshavaren blir pålagt å stille økonomisk sikkerheit med NOK 1 200 000, som skildra i punkt 5.11 av vedtaket, for å sikre at nødvendige sikrings- og oppryddingstiltak blir gjennomførte etter minerallova §§ 49 og 50, jf. minerallova § 51.

Den økonomiske sikkerheita skal stillast i form av ein bankgaranti for eit grunnbeløp på NOK 300 000, og deretter årlege avsetjingar til ein bankkonto som det skal etablerast pant i til fordel for DMF slik at Tiltakshavaren ikkje kan råde over kontoen på noko vis, begge deler som skildra i punkt 5.11.

Innan 2 månader etter datoen på dette konsesjonsvedtaket skal Tiltakshavaren ha:

- (i) inngått ein avtale om finansiell sikkerheit med DMF, vedlegg 2;
- (ii) lagt fram påkravsgaranti frå bank som DMF vurderer som tilfredsstillande, vedlegg 3;
- (iii) etablert pantet til fordel for DMF, jf. pantelova §§ 4-4 til 4-6, vedlegg 4.

2.3. Bergteknisk ansvarleg

Det skal utan grunnlaust opphald sendast skriftleg melding til DMF om alle skifte av bergteknisk ansvarleg for eit uttak.

2.4. Andre vilkår

- Konesjongsrensa: Innan 2 månader etter at konsesjonsvedtaket er fatta, skal konsesjongsrensa for massetaket setjast ut eller markerast i terrenget, slik at den er lett synleg gjennom heile driftsperioden.
- Sandsvaler: Det skal ikkje føregå uttak av masse i området der sandsvala hekkar i perioden frå mai til og med juli månad. Det skal tilstrebes å bevara hekkeplass for sandsvale i konsesjonsområdet under drift, og dessutan bli tilrettelagt for hekkeplass etter avslutta drift. Det vil seia at det ikkje bør gjerast inngrep, herunder avslutningsarbeid, i området der det hekkar sandsvale. Bratte skrentar må like fullt sikrast i tråd med minerallova § 49, slik at arbeida ikkje medfører fare for menneske, husdyr eller tamrein. I samband med istandsetting av uttaksområdet skal det tilretteleggast for hekkeplass for sandsvale dersom hekkeplassen blir fjerna etter hekkesesongen av drifts- eller tryggingssyn.

3. Godkjenning av driftsplan

DMF godkjenner driftsplanen for Bruland sandtak. Den godkjende versjonen av driftsplanen ligg ved dette konsesjonsvedtaket.

4. Høyringsfråsegner med kommentarar frå DMF

Søknaden om driftskonsesjon har vore på høyring, jf. forvaltningslova § 17, hos desse høyringsinstansane: Sunnfjord kommune, Vestland fylkeskommune, Statsforvaltaren i Vestland, Statens vegvesen region vest, Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) region vest, BKK Nett AS, Statnett og eigarar av omkringliggende eigedommar.

Høyringsperioden var frå 23. februar 2021 til 23. mars 2021.



Frå høyringsfråsegnene har DMF særleg merkt seg dette:

Sunnfjord kommune:

Attgjeving av Sunnfjord kommune sitt høyringsfråsegn:

«Området er regulert til uttak av lausmassar, sand og grus i reguleringsplan Bruland sandtak, planid 4647-143220020011, vedteke den 16.12.2004.

Uttak av massar og istandsetting av området:

Uttak av massar har føregått over lang tid utan at delar av området er avslutta og sett i stand. I § 8.1 i føresegna til reguleringsplanen står det m.a. at istandsetjing av området må prioriterast, og må skje i den grad det er mogleg i høve til drifta av anlegget.

Arealet er ca. 80 dekar. Det vert opplyst at det er ca. 1 280 000 m³ masser som kan takast ut, og det har vore teke ut ca. 15 000 m³ i gjennomsnitt etter 2015. Dersom dette held fram vil det ta over 80 år å ta ut massen.

Driftsplanen viser soner for uttak, og kva rekkjefylgje sonene vert sett i stand. Det er skissert at området i aust og nordaust kan avsluttast om 5 år. Sjøraustleg del truleg innan 10 år, medan det er usikkert når resten kan avsluttast. Det bør settast krav om at aktuelle soner må prioriterast i høve uttak slik at dei kan settast i stand så raskt som mogleg.

Deponi og ureining:

I samband med synfaring av delar av sandtaket, gbnr 60/15, er det registrert at det er deponert betongrestar med div. materiale, avfallsrestar av plast, trevirke, steinmassar, røter m.m., jf. vedlagde rapport. Delar av deponert materiale kjem frå Førde Sementfabrikk AS og andre entreprenørar som utfører bygge-/gravearbeid. Det er i tillegg registrert to områder med knuste asfaltflak som truleg er lagra mellombels. Det er ikkje avklara om nokon av desse materiala/deponia kan føre til ureining i grunnen eller i området.

Sunnfjord kommune har varsla mogleg pålegg i brev av 16.03.2020 om opprydding av avfall på gbnr 60/15. Saka er under handsaming. Det må m.a. avklarast om det kan takast i mot materiale for deponi ev. gjenvinning, og tilhøve kring ureining i området, og kva løyve som trengst for dette. Det må vurderast om det kan bli aktuelt å pålegge undersøkingar i området for å kartlegge ureiningsfaren.

Vi kan ikkje sjå at det er opplyst noko om dette i søknaden eller driftsplanen.

Kulturminne og naturmangfald:

Det er registrert tufter frå ein låve som er datert frå andre kvartal av 1800 talet og eit våningshus som er registrert i SEFRAK på gbnr. 60/23. Tuftene og våningshuset er ikkje freda eller regulert med særleg omsyn i reguleringsplanen. Vestland fylkeskommune må uttale seg i høve dette.



Det er registrert sandsvale i området i Artsdatabanken i 2020. Dette er ei nær truga art, som truleg nyttar sandskrånningane i masseuttaket til hekking. Av omsyn til årstida har vi ikkje kunne stadfesta dette. Dette var ikkje tema i reguleringsplanen. Dersom det er mogleg bør det settast att skråningar som er eigna for Sandsvalene.

Konklusjon:

Sunnfjord kommune vil oppmode om at delar av området vert prioritert for uttak av massar slik at arealet kan avsluttast og settast i stand.

Sunnfjord kommune vil arbeide vidare med saka i høve deponi og ev. gjenvinning av materiale. I tillegg må det vurderast om det kan bli aktuelt å pålegge undersøkingar i området for å kartlegge ureiningsfaren.»

Vedlagt fråsegna var rapport frå synfaring 10. mars 2020 og varsel om mogleg pålegg om opprydding av 17. mars 2020.

DMF sin kommentar:

DMF gjer tiltakshavar merksam på Sunnfjord kommune sitt høyringsfråsegn.

Tiltakshavar må følgje reguleringsføresegna, der det står at istandsetjing skal prioriterast. I driftsplanen står det at seinast 3 år etter at grusen i eit delområde er utteke skal terrenget istandsettast. Slik kommunen skriv er det skissert at deler av område i austre og nordlege del kan istandsettast innan 5 år og at deler av område i søraustre del kan istandsettast innan 10 år. DMF oppfordrar Tiltakshavar til å prioritere desse delane og halde seg innanfor den estimerte planen for istandsetjing.

Vedrørande forureining gjentek DMF at tildeling av driftskonsesjon ikkje erstattar krav om andre løyve, godkjenning, arealavklaring eller konsesjon etter anna lovgiving. Tiltakshavaren er ansvarleg for å innhente andre nødvendige løyve. Tiltakshavaren er også ansvarleg for å følgje andre lovverk som er aktuelle for drifta av massetak. DMF oppfordrar tiltakshavar til å ha dialog med kommunen om deponi og ureining.

Når det gjeld sandsvale har DMF satt vilkår om dette i vedtakets punkt 2.4 og 5.7.

Vestland fylkeskommune:

Attgjeving av Vestland fylkeskommunes fråsegn:

«Dei aktuelle kulturminna i området er knytt til landbruk, der eit lite våningshus til eit tidlegare småbruk er bygd før 1900 og dermed er å finne i SEFRAK-registeret.

I tillegg er det fleire eldre tufter i området mellom E39 og elva. Her går det også eit vegfar til hengebrua som går over elva. Det er eit naturleg samband til den gamle skyss-stasjonen på Soleide, som ligg på nordsida, like over elvemunningen.

I tillegg til den immaterielle kulturverdien som er knytt til dette området, er området også eit mykje brukt turområde.



Langs E39 er det fleire eldre småbruk som det bør takast omsyn til ved utviding av drifta i sandtaket.

Viser elles til Sunnfjord kommune sin uttale, som gjer greie for kulturminne som er registrert i området.»

DMF sin kommentar:

DMF minner Tiltakshavar om kulturminnelova § 3, der det står at ingen må, utan at det er lovleg etter lovas § 8, sette i gong tiltak som er egna til å skade, øydelegge, grave ut, flytte, forandre, dekke til, skjule eller på annan måte utilbørlig skjemme automatisk freda kulturminne eller føre til fare for at dette kan skje. DMF minner vidare om den generelle varslingsplikta etter kulturminnelova § 8. Fylkeskommunen er kulturminnemyndigheit. DMF føreset at Tiltakshavar driv i samsvar med kulturminnelova.

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE):

Attgjeving av NVEs høyringsfråsegn:

«NVE viser til dykkar brev av 23.02.2021.

I brevet heiter det m.a. at: «Vi presiserer at det er kommunen som bestemmer arealbruken i medhald av plan- og bygningslova. Fråsegner knytte til dei arealdisponeringane kommunen har vedteke, legg vi derfor ikkje vekt på i vurderinga vår.»

I følgje saka er området avsett til masseuttak i kommuneplanen sin arealdel og regulert i gjeldande reguleringsplan for Bruland sandtak vedteken 16. desember 2004.

NVE registrerer at det er vist eit mindre aktsemdsområde for jord- og flaumskred (NGU) innanfor uttaksområdet – jf. NVE Atlas og kartutsnittet nedanfor (blå avgrensing).

Dette er lagt inn etter at reguleringsplanen vart vedteken i 2004, dvs. i 2014. Vi ber om at det vert teke omsyn til dette.

NVE har elles ikkje ytterlegare kommentarar til saka.»

DMF sin kommentar:

DMF gjer Tiltakshavar merksam på NVE sitt høyringsfråsegn og legg til grunn at Tiltakshavar tek omsyn til aktemdsområdet. DMF viser også til at det er utført ei geoteknisk vurdering og flaumfarevurdering for uttaket av Sunnfjord Geo Center i 2020, etter at aktsemdsområdet vert lagt inn.

Statens vegvesen:

Attgjeving av Statens vegvesen sitt høyringsfråsegn:

«Området Bruland Sandtak ligg i er omfatta av reguleringsplan 14322002001 – Bruland sandtak med ikrafttredelsesdato 16.12.2004. Vi føreset at gjeldande plankart og føresegn § 8.1 vert vidareført i ein eventuell konsesjon til søkjar.



I gjeldande plan er avkøyrslar frå E39 (EV39 S57D1 m6404) til Bruland Sandtak stengd, men pr. dato ikkje fysisk stengd. Dersom søkjar får driftskonsesjon i Bruland Sandtak, slik det er søkt om, føreset vi at det berre er lovlege avkøyrslar til sandtaket som skal nyttast.

For å unngå bruk av ulovlege avkøyrslar oppmodar vi søkjar dersom det vert gjeve konsesjon om å utføre tiltak langs E39 som samsvarar med § 8.1 i føresegnene.»

DMF sin kommentar:

DMF gjer tiltakshavar merksam på Statens vegvesen sitt høyringsfråsegn. Drifta skal vere i samsvar med gjeldande plankart og føresegnar sjølv om disse ikkje er attgitt i konsesjonen.

Kva gjelder avkøyrslar frå E39 viser DMF til at Sunnfjord kommune den 18. mars 2021 sendte Tiltakshavar varsel om pålegg om retting og tvangsmulkt på grunn av avkøyrslar frå E39 i strid med reguleringsplan. DMF føreset at Tiltakshavar berre nyttar lovleg avkøyrslar i den vidare drifta og at kommunen følger opp dette vidare.

Statsforvaltaren i Vestland:

Attgjeving av Statsforvaltaren i Vestland sitt høyringsfråsegn:

«Omsyn til sandsvale i hekketida

Søk i artskart i mars 2021 viser observasjonar av sandsvale innanfor det foreslåtte konsesjons-området. Sandsvala er raudlista som «nær truga» (NT), og hekkar gjerne i større eller mindre koloniar i sandtak med bratte skjerningar, der kvart par grev ut ei hule dei plasserer reiret sitt i.

Naturmangfoldlova slår fast at ein ved ein kvar aktivitet skal unngå unødig skade og lidning på viltlevande dyr og deira reir, bo eller hi, jf. § 15. Sandsvalene si hekketid strekkjer seg frå seint i mai til langt ut i august. I denne perioden bør ein sjå etter reirhol (slike ligg oftast øvst i skjerjinga), og unngå anleggsaktivitet der slike blir oppdaga.

Hindre partikkelavrenning til vassdrag

Uttak av mineral kan vere forureinande. Forureiningslova slår fast at det er forbode å forureine. Vi føreset at verksemda ikkje har avrenning av partiklar til vassdrag.

Handtering av mineralavfall

Kapittel 17 i avfallsforskrifta handlar om handtering av mineralavfall. I eit eventuelt driftsløyve bør det nemnast at verksemda må etterkome reglane i forskrifta viss det oppstår mineralavfall ved verksemda.

Regulering av knuseverk

Vi fekk meldeskjema frå verksemda om drift av knuseverk på staden i 2012, regulert i kapittel 30 i forureiningsforskrifta om forureining frå produksjon av pukk, grus, sand og singel. Her er det krav til utslepp til vatn, støv og støv. Ved endring eller utviding av aktiviteten på området skal den ansvarlege sende melding til Statsforvaltaren med naudsynte opplysingar om verksemda.



Vi har elles ikkje merknadar til søknaden.»

DMF sin kommentar:

DMF gjer tiltakshavar merksam på statsforvaltarens høyringsfråsegn.

Når det gjeld sandsvale har DMF satt vilkår om dette i vedtakets punkt 2.4 og 5.7.

Vi har vidare merka oss Fylkesmannens utsegn om kapittel 17 i avfallsforskrifta og forureiningsforskrifta kapittel 30. DMF føreset at Tiltakshavar setter seg inn i gjeldande regelverk og at desse følges. DMF ønsker vidare å merke at ei tillating etter minerallova, herunder driftskonsesjon, ikkje erstattar krav om andre løyve, godkjenning, arealavklaring eller konsesjon etter anna lovgiving, jf. minerallova § 5.

Eigarar av omkringliggande eigedom Berit Fidjestøl og Gunnstein Fidjestøl:

Attgjeving av fråsegna:

«Berit W. Fidjestøl bor i Sandbrekka 48 og er nærmeste nabo til Sandtaket på Bruland. All virksomhet i sandtaket har derfor direkte påvirkning på boforholdene her.

Våre bekymringer dreier seg om tre forhold: Miljø (skredfare), bruk av tungtransport i et bomiljø med barn og unge, samt forringing av mye brukt natursti.

Miljø:

DMF har bedt kommunen opplyse om tiltaket påvirker miljøet, herunder naturmangfold, kulturminne og forurensning. Vi mener det er svært viktig at det også gjøres grundige utredninger av jordforhold og grunn. Sandtaket ligger svært nærme E39 og flere boligområder. I tillegg ligger Sandtaket helt inntil Jølstra elv, og Brulandsfossen. Våre bekymringer dreier seg om det er tilstrekkelig utredet om ytterligere drift vil øke risiko for skred. Med klimaendringer og økt nedbør mener vi denne faren øker ytterligere – Ikke bare at økt nedbør i seg selv kan påvirke grunnen, men også fordi økt vannstand kan endre vannveien fra Jølstra. Sett i lys at hendelsene på Gjerdrum ber vi om at dette utredes nøye, og i tråd med Klimaloven (kap.6), Sivilbeskyttelsesloven (paragraf 14) samt Plan og bygningsloven.

Trafikksikkerhet:

Sandbrekka er et boligfelt som grenser til sandtaket. Her ligger det fem bolighus med blant annet eldre og barnefamilier. For å komme seg fra boligfeltet til bussforbindelse (blant annet skolebuss) må de som bor her benytte seg av samme veien som anleggsmaskiner og lastebiler benytter for å komme seg til sandtaket. Denne veien er smal (to biler kan ikke passere samtidig), er ubelyst og uten fortau, og utgjør allerede i dag en betydelig risiko for trafikksikkerheten – og da spesielt for myke trafikanter. Fortsatt og økt ferdsel av tungtrafikk på denne veien vil utgjøre en ytterligere risiko.

Natursti:

Langs elva som ligger inntil sandtaket går det også en mye benyttet tursti som vil påvirkes negativt ved at dette området ytterligere forringes. Dette påvirker selvsagt også de mulighetene man har for å benytte området for rekreasjon.



Siden dette er et av svært få muligheter for naturopplevelser i området, vil en forringelse av dette området påvirke ikke bare de som bor her, men de som benytter seg av denne stien. Driver av sandtak har ikke tidligere vist hensyn til dette.

Vi ber om at dere vurderer søknaden om driftskonsesjon i lys av dette, og at omtalte forhold belyses grundig. Og at kommune evt. Bruland Sandtak pålegges å komme med nødvendige sikringstiltak som reduserer den risikoen som omtales over.»

DMF sin kommentar:

DMF gjer tiltakshavar merksam på fråsegna. Vi gjer merksam på at det er utført ei geoteknisk vurdering og flaumfarevurdering for uttaket av Sunnfjord Geo Center. Uttakskanten er vurdert til å liggje høgare i terrenget enn ein 200-årsflaum i Jølstra vil nå, og forholda i området er slik at det ikkje er erosjonsfare. Dei har i vurderinga tatt høgde for økt nedbør som følgje av klimaendringar. Det er og tidligare utført geotekniske undersøkingar i uttaket og i nærområdet i 2012 og 2019 kor ein ikkje har funne leire.

Vi vil oppmode Tiltakshavaren til å gå i dialog med fylkeskommunen og vegvesenet ved behov for utbetring av veg.

Kva gjeld turstien viser DMF til at det er Sunnfjord kommune som ansvarleg etter plan- og bygningsloven som bestemmer arealbruken i kommunen, inkludert plassering av masseuttak.

5. Korleis DMF vurderer søknaden om driftskonsesjon

Føremålet til minerallova er å fremje og sikre samfunnsmessig forsvarleg forvaltning og bruk av mineralressursane i samsvar med prinsippet om ei berekraftig utvikling.

Etter minerallova § 43 er det krav om driftskonsesjon frå DMF for samla uttak av mineralførekomst på meir enn 10 000 m³ masse og for alt uttak av naturstein. Berre den som har utvinningsrett kan få driftskonsesjon.

Konsesjonssøknader går gjennom ei skjønsmessig prøving før det blir avgjort om det skal gjevast driftskonsesjon. I vurderinga av om det skal gjevast driftskonsesjon skal det leggjast vekt på om søkjaren er "skikka" til å utvinne førekomsten. Dette inneber at ein skal leggje vekt på om prosjektet ser ut til å vere økonomisk gjennomførbart, om det blir lagt opp til bergfagleg forsvarleg drift, og om søkjaren har tilstrekkeleg kompetanse til å drive førekomsten. I vurderinga av om det skal gjevast driftskonsesjon skal det òg leggjast vekt på omsyna som er nemnde i minerallova § 2.

DMF kan fastsette vilkår for ein driftskonsesjon. Når DMF avgjer kva vilkår som skal stillast, vurderer direktoratet mange av dei same omsyna som er relevante for vurderinga av om det skal gjevast konsesjon.

DMF har vurdert konsesjonssøknaden slik:



5.1 Utvinningsrett

Mineralførekomsten som skal utvinnast tilhører kategorien mineral som grunneigaren eig. Tiltakshavaren er ikkje grunneigar for konsesjonsområdet, og det blir difor kravd avtale med grunneigaren om utvinningsretten til førekomsten. Tiltakshavaren har i søknadsprosessen lagt fram avtalar med grunneigarane for gnr./bnr. 60/15, 60/23, 60/24, 60/44 og 60/227 som dokumentasjon for utvinningsrett.

Avtalane gjev Tiltakshavaren utvinningsrett til førekomsten på det området det er søkt om konsesjon for i avtaleperioden.

Etter DMF si vurdering har Tiltakshavaren utvinningsretten til førekomsten.

5.2 Arealstatus for tiltaket

Konsesjonsområdet har eit areal på kring 176 daa og går fram av kart i vedlegg 1.

Etter reguleringsplan «Bruland – sandtak», datert 16. desember 2004 er området regulert til masseuttak.

5.3 Økonomien i prosjektet

DMF har vurdert årsrekneskapen med styret si årsmelding og notar for dei siste 2 åra før søknadstidspunktet. DMF har vidare gjort ei vurdering av verksemdas noverande økonomiske situasjon. På grunnlag av opplysningane som er gjevne vurderer DMF bedrifta som økonomisk skikka.

5.4 Driftsplan

For å sikre at kravet om bergfagleg forsvarleg drift blir oppfylt, finn DMF grunn til å ta inn i konsesjonen eit vilkår om at drifta til ei kvar tid skal gå føre seg i samsvar med ein driftsplan godkjend av DMF.

Driftsplanen skal vere eit styringsverktøy for Tiltakshavaren i gjennomføringa av uttaket, og eit referansedokument i samband med DMF sine tilsyn.

I samband med søknaden har Tiltakshavaren lagt fram eit framlegg til driftsplan for uttaket.

Framlegget til driftsplan omfattar heile driftsperioden og avsluttinga av grustaket. Skildringa og kart- og snitteikningar presenterer det planlagde uttaket av førekomsten innanfor arealet på 176 dekar regulert til føremålet. Det totale volumet grusreservar som skal takast ut er estimert til kring 1 280 000 m³, med uttak ned til kote 26 i vestre område og ned til kote 42 i austleg område. Det årlege uttaket vil variere med marknaden, men det planlagde uttaket per år er 15 000 m³. Det er planlagt drift i 5 etappar. Utdrivne område som ikkje trengst i den vidare drifta, skal setjast i stand fortløpande. Det blir òg presentert ein plan for avslutning, med oversikt over avslutningsrekkefølge for områda i grustaket.

Etter DMF si vurdering kan den vedlagde versjonen av driftsplan for Bruland sandtak godkjennast. Ein finn at planen tilfredsstillar dei krava som DMF stiller til driftsplanar, og etter DMF si vurdering legg planen opp til bergfagleg forsvarleg drift.

Dersom det under drifta oppstår nye situasjonar eller andre endringar i føresetnadene for drifta, til dømes geologiske og kvalitetsmessige variasjonar, bør det likevel på visse



vilkår kunne opnast for å gjere endringar og tilpassingar i planen. Dersom Tiltakshavaren ønskjer å gjere vesentlege avvik frå driftsplanen, skal DMF godkjenne dette på førehand.

Undervegs i drifta kan DMF få bruk for oppdaterte kart og snitt som dokumenterer den noverande situasjonen i uttaksområdet og status i høve til den godkjende driftsplanen. Det blir difor teke inn som eit vilkår i konsesjonen at DMF kan krevje at Tiltakshavaren gjer ny oppmåling og at ajourførte kart og profilar skal sendast inn når DMF finn det nødvendig.

5.5 Bergfagleg forsvarleg drift

Kravet om at drifta til ei kvar tid skal gå føre seg på ein bergfagleg forsvarleg måte inneber at aktiviteten må vere i samsvar med tilfredsstillande faglege standardar for denne typen verksemd.

Etter DMF si vurdering er den føreslegne driftsplanen for uttaket bergfagleg forsvarleg. Ved vurderinga har DMF lagt vekt på driftsplanen for uttaket.

5.6 Kva kompetanse søkjaren har til å drive førekomsten

I vurderinga av om søkjaren har tilstrekkeleg kompetanse er det den totale kompetansen som søkjaren har tilgang til som skal vurderast opp mot kravet om å vere skikka.

Etter forskrift til minerallova § 3-1 skal alle uttak av mineralske ressursar ha ein bergteknisk ansvarleg.

Tiltakshavaren har tidligare oppgjeve Håvar Røyseth som bergteknisk ansvarleg for uttaket. Personen er registrert hos DMF som bergteknisk ansvarleg for uttaket og oppfyller kvalifikasjonskrava i forskrifta.

Etter DMF si vurdering har Tiltakshavaren tilstrekkeleg kompetanse til å drive førekomsten.

5.7 Miljøkonsekvensar av utvinninga

I vurderinga av om det skal gjevast driftskonsesjon skal det leggjast vekt på omsynet til miljøet, og DMF kan setje vilkår i konsesjonsvedtak for å sikre miljøomsyn.

Det finst ein reguleringsplan for uttaket, vedtatt 16. desember 2004.

Biologisk mangfald – vurdering etter naturmangfaldlova

Naturmangfaldlova § 7 pålegg alle offentlege instansar som tek avgjerder som påverkar naturen å vurdere planlagde tiltak opp mot prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8–12. Reguleringsplanen, høyringsfråsegner og eigne søk i Naturbase og Artskart (gjennomførte den 17. februar 2021) er lagde til grunn for vurderingane etter naturmangfaldlova i DMF si handsaming av søknaden. DMF reknar kunnskapsgrunnlaget etter naturmangfaldlova § 8 for å vere tilstrekkeleg til at det kan fattast vedtak i saka. Føre-var-prinsippet i naturmangfaldlova § 9 gjeld såleis ikkje.

DMF har ved søk i naturbase og artskart gjort funn av sandsvale i konsesjonsområdet. Det er ikkje gjort andre funn av verken prioriterte eller trua artar eller utvalde eller trua naturtypar i konsesjonsområdet.



Etter DMF si vurdering vil slikt uttak av massar som det er søkt om ikkje vere i konflikt med forvaltningsmålet for naturtypar og økosystem som er fastsett i naturmangfaldlova § 4 eller forvaltningsmålet for artar i naturmangfaldlova § 5.

Etter naturmangfaldlova § 10 skal den samla belastinga på økosystem og naturmangfaldet i regionen vurderast.

Uttaksområdet er omkransa av skog, dyrka mark, veg og vassdrag. DMF vurderer at arealbeslaget i stor grad allereie er gjort i forbindelse med tidlegare anleggsaktivitet. Massetaket førar til anleggsaktivitet så lenge uttaket går føre for seg. Veger, busetnad og landbruk vurderast å bidra til den samlande belastninga.

DMF har kome til at det ikkje finst avgjerande moment som talar mot å innvilge konsesjon. Likevel har vi funne grunn til å setje dette vilkåret:

- Sandsvale: Det skal ikkje føregå uttak av masse i området der sandsvale hekkar i perioden frå mai til og med juli månad. Det skal tilstrebes å bevara hekkeplass for sandsvale i konsesjonsområdet under drift, og dessutan bli tilrettelagt for hekkeplass etter avslutta drift. Det vil seia at det ikkje bør gjerast inngrep, herunder avslutningsarbeid, i området der det hekkar sandsvale. Bratte skrentar må like fullt sikrast i tråd med minerallova § 49, slik at arbeida ikkje medfører fare for menneske, husdyr eller tamrein. I samband med istandsetting av uttaksområdet skal det tilretteleggast for hekkeplass for sandsvale dersom hekkeplassen blir fjerna etter hekkesesongen av drifts- eller tryggingssyn.

Det er tiltakshavaren som skal bere kostnadene ved tiltaka etter naturmangfaldlova §§ 11-12.

Konsekvensar av tiltaket for kulturminne

DMF har ved søk i naturbase gjort funn av 3 kulturminne i konsesjonsområdet. DMF minner om kulturminnelova § 3, der det står at ingen må, utan at det er lovleg etter lovas § 8, sette i gong tiltak som er egna til å skade, øydelegge, grave ut, flytte, forandre, dekke til, skjule eller på annan måte utilbørlig skjemme automatisk freda kulturminne eller føre til fare for at dette kan skje. DMF minner vidare om den generelle varslingsplikta etter kulturminnelova § 8. Fylkeskommunen er kulturminnemyndigheit. DMF føreset at Tiltakshavar driv i samsvar med kulturminnelova.

Forureining

Massetaket kan føre til partikkelflukt til vatn og luft, med potensiale for påverknad av vatn- og luftmiljø. Effektane på vassdrag kan vere tilslamming og generelt forverra kvalitet på vatn.

Forureining i form av støv, støy og avrenning til vassdrag regulerast av forureiningsforskrifta kapittel 30. DMF minna om meldeplikta til forureiningsmyndigheita, Statsforvaltaren, ved oppstart eller endringar/utvidingar av verksemda.



5.8 Forholdet til omgivnadene og nærliggjande område under drift

Mineralressursane skal forvalta og brukast på ein måte som tek omsyn til omgjevnadene og dei nærliggjande områda under drift. Det er difor viktig at drivaren gjennomfører nødvendige sikringstiltak for å unngå skadar på eigedom, menneske og dyr.

Uttaket skal sikrast med fysisk hinder som gjerde. Støynivået skal vere så lågt som mogleg, og tiltakshavar skal setje i verk støvhindrande tiltak.

DMF har kome til at dette ikkje er avgjerande moment som talar mot å innvilge konsesjon.

5.9 Kva tiltaket får å seie for verdiskaping og næringsutvikling

Førekosten det er søkt om driftskonsesjon for fell inn under råstoffgrupperinga sand, grus, pukk og leire (byggjeråstoff). Råstoffet blir brukt i produkt som det moderne samfunnet er heilt avhengig av og som blir brukte i bygg, vegar og anlegg.

5.10 Langsiktig planlegging for etterbruk eller tilbakeføring av området

Etter ferdig uttak skal tiltakshavar sette i stand terrenget slik at området er tilgjengeleg for annan bruk. Uttaksområdet skal liggje på minimum kotehøgde 26 m i vest, og 42 m i aust. Skråningane etter istandsetjing skal ikkje vere brattare enn 1:2,5.

Etter DMF si vurdering er dei planane som finst for etterbruk eller tilbakeføring tilfredsstillande, og såleis ikkje noko avgjerande moment som talar mot å gje konsesjon.

5.11 Økonomisk sikkerheit

I søknaden om driftskonsesjon har Tiltakshavaren, i samsvar med forskrift til minerallova § 2-1, gjort framlegg til korleis sikkerheit kan stillast. DMF fastset dei endelege krava til sikkerheit.

Tiltakshavar har kome med forslag om fondsavsetting på NOK 1 121 250, med bankgaranti for grunnbeløpet.

5.11.1. Pålegg om å stille økonomisk sikkerheit og vurdering av kor stor sikkerheita skal vere

Etter DMF si vurdering er Tiltakshavaren sitt framlegg til kor stor sikkerheita skal vere ikkje heilt tilfredsstillande. Etter forskrift til minerallova § 2-1 tredje ledd skal den økonomiske sikkerheita vere tilstrekkeleg til å dekkje Tiltakshavaren si sikrings- og oppryddingsplikt.

Etter ei konkret vurdering av tiltaket finn DMF at Tiltakshavaren skal påleggjast å stille finansiell sikkerheit på NOK 1 200 000 for å sikre at nødvendige sikrings- og oppryddingstiltak blir gjennomførte etter minerallova §§ 49 og 50, jf. minerallova § 51. I vurderinga av kor stor sikkerheit som skal krevjast har DMF lagt vekt på sine egne erfaringstal for tilsvarande uttak, med tillegg for eksterne og uventa kostnader.

5.11.2. Form for sikkerheit

Det skal stillast sikkerheit i ei slik form at den ikkje vil gå inn i konkursbuet i tilfelle konkurs hos Tiltakshavaren, jf. forskrift til minerallova § 2-1 tredje ledd.



Etter DMF si vurdering vil det vere føremålstenleg at den økonomiske sikkerheita blir stilt ved bankgaranti og individuell fondsavsetjing til ein bankkonto som det etter ein eigen avtale om finansiell sikkerheit skal etablerast pant i til fordel for DMF, jf. pantelova §§ 4-4 til 4-6. Tiltakshavaren skal ikkje ha råderett over denne bankkontoen, som skal vere sperra til fordel for DMF.

DMF vurderer det som naudsynt at Tiltakshavaren, innan 2 månader etter datoen då konsesjonsvedtaket blei gjort, stiller ein bankgaranti som DMF vurderer som tilfredsstillande som påkravsgaranti for eit beløp på NOK 300 000. Dette er naudsynt for å ha tilstrekkeleg sikkerheit i oppstartfasen før fondet har nådd maksimal avsetjing. Storleiken på bankgarantien er fastsett på grunnlag av ei vurdering av kva som blir rekna for å vere tilstrekkeleg sikkerheit i denne fasen.

DMF kan fremje krav i høve til bankgarantien i desse tilfella:

- (i) Etter utløpet av Tiltakshavaren sin frist for å utføre naudsynte sikrings- og oppryddingstiltak som DMF godtek;
- (ii) Ved konkurs, opphøyr eller anna avvikling av Tiltakshavaren si verksemd; og
- (iii) Dersom konsesjonen blir trekt attende.

Ved melding til garantisten om at eitt av tilfella nemnde i punkt (i)–(iii) over har oppstått, skal DMF ha rett til å få utbetalt det kravet som blir gjort gjeldande etter bankgarantien, utan omsyn til motsegner frå Tiltakshavaren. Bankgarantien skal stå ved lag så lenge beløpet som står på bankkontoen ikkje har nådd NOK 300 000. Når beløpet på bankkontoen har nådd NOK 300 000, eller tidlegare etter skriftleg samtykkje frå DMF, fell plikta til bankgaranti bort.

Individuell avsetjing, avsetjingsperiode og storleiken på avsetjinga

Deretter skal Tiltakshavaren setje inn midlar på bankkontoen årleg fram til totalbeløpet på NOK 1 200 000 er nådd. Dei årlege innskota blir rekna ut etterskotsvis på grunnlag av masseuttaket året før. Det skal betalast inn NOK 2 årleg per tonn utteken masse.

Ved fastsetjinga av satsen per tonn utteken masse har DMF lagt til grunn at fondet skal byggjast opp over ein periode på 20 år, det vil seie NOK 60 000 per år. I driftsplanen er det rekna med eit uttak på 15 000 m³/år, tilsvarande om lag 30 000 tonn/år, noko som gjev ei årleg avsetjing på NOK 2 per tonn.

Innbetalinga for masseuttaket må vere avsett innan 1. februar året etter.

5.11.3. Rapportering og dokumentasjon

Beløpet som står på kontoen skal dokumenterast årleg ved å gje DMF tilgjenge til ei oppdatert kontoutskrift. All avkasting på midlane skal godskrivaast kontoen.

I tillegg finn DMF det naudsynt at Tiltakshavaren undervegs i drifta vurderer om den sikkerheita som er stilt er tilstrekkeleg til å dekkje kostnadene til sikrings- og oppryddingstiltak og gjev DMF tilbakemeldingar om dette. Dersom den fastsette driftsperioden for uttaket blir endra eller det skjer andre vesentlege endringar i



driftsplanen, skal DMF informerast umiddelbart. Elles skal tiltakshavaren kvart femte år gjere ei ny vurdering av om sikkerheita er tilstrekkeleg. Når vurderinga er gjord, skal tiltakshavaren utarbeide ein rapport og sende den til DMF utan grunnlaust opphald.

DMF kan òg ha behov for meir rapportering og dokumentering enn det som er skildra over, og finn det difor naudsynt å påleggje Tiltakshavaren plikter i så måte i konsesjonsvilkåra.

5.11.4. Justering av sikkerheita

Etter forskrift til minerallova § 2-2 første ledd andre punktum kan DMF gjere vedtak om endring av storleiken på avsetjinga, inkludert dei årlege innbetalingane frå Tiltakshavaren, og tidspunktet for innbetaling. Slike endringar kan òg gjerast når som helst ved endringar i minerallova og andre relevante lover, forskrifter og vedtak.

6. Kor lenge driftskonsesjonen gjeld

Driftskonsesjonen kan reviderast etter 10 år.

Driftskonsesjonen fell bort dersom drift ikkje er starta opp seinast fem år etter at konsesjonen er gitt. Det same gjeld dersom drifta blir innstilt i meir enn eitt år. Det kan søkjast til DMF om å forlengje desse fristane. Driftskonsesjonen fell òg bort dersom:

- utvinningsretten for statens mineral blir sletta
- avtalen om rett til å utnytte førekomst av grunneigars mineral går ut
- skjønn ikkje er kravd innan eitt år etter at ekspropriasjonsløyve er gitt etter minerallova § 37 andre ledd bokstav a

Overdragelse av driftskonsesjonen krever søknad til og godkjenning fra DMF, jf. mineralloven § 45 a.

7. Plikter for tiltakshavaren

Tiltakshavaren har rettar og plikter som følgjer av minerallova med forskrifter.

Meldeplikt ved oppstart og stans av drift

Seinast éi veke før oppstart av drifta skal tiltakshavaren sende melding til DMF. Tiltakshavaren skal òg sende melding til DMF før drifta mellombels blir stansa eller lagd ned i medhald av minerallova § 44.

Drifta skal utførast med varsemd

Drifta skal utførast med varsemd, slik at skadane ikkje blir større enn nødvendig. Etter minerallova § 48 skal arbeida heller ikkje føre til unødig forureining eller skade på miljøet.

Forsvarleg sikring og opprydding

Området skal sikrast slik at arbeidet ikkje medfører fare for menneske, husdyr eller tamrein. Etter minerallova § 49 omfattar sikringsplikta òg gruveopningar, tippar og utlagde massar på område som er knytte til konsesjonsområdet.



Etter minerallova § 50 skal området vere forsvarleg rydda mens arbeida går for seg. Etter minerallova §§ 49 og 50 skal området vere forsvarleg rydda og varig sikra etter at arbeida er avslutta. DMF kan fastsetje ein frist for når oppryddinga skal vere avslutta.

Ansvarlet til bergteknisk ansvarleg

Bergteknisk ansvarleg har eit særskilt ansvar for å sjå til

- at drifta er teknisk forsvarleg og tek omsyn til arbeidstakarar, nærliggjande bygningar og omgivnadene elles
- at førekomsten blir avbygd på ein berekraftig måte
- at drifta til kvar tid er i samsvar med ein ajourført og godkjend driftsplan

Rapportering

Tiltakshavaren skal sende årleg driftsrapport til DMF via «Min side» på dirmin.no.

Når uttak av grunneigars mineral blir lagt ned, kan DMF stille krav om å sende inn sluttrapport, måledata og prøvemateriale. Dette gjeld dersom uttaket har mineraliseringar av vesentleg geologisk interesse.

8. Rett til å klage

Partane i saka og andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket i samsvar med reglane i forvaltingslova kapittel VI.

Fristen for å klage er tre veker etter at de har fått dette brevet. Klagen skal sendast til DMF for ny vurdering. Dersom DMF ikkje finn grunn til å gjere om vedtaket, sender vi klagen til Nærings- og fiskeridepartementet, som gjer endeleg vedtak i saka. I klagen må de gjere greie for kva de klagar på, og kvifor, og de må foreslå endringar.

Etter forvaltingslova § 18 og 19 har partane i saka rett til å sjå saksdokumentata.

Med helsing

Unni Garberg
seksjonssjef

Sara Tønne
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.

Saksbehandlar: Sara Tønne

Vedlegg:

Konsesjonsområde - Bruland sandtak

Avtale om finansiell sikkerhetsstillelse - Bruland

Påkavsgaranti - Bruland

Pantsettelseserklæring - Bruland



Godkjent driftsplan - Bruland sandtak

Mottakaras:

Røyseth Maskin AS	Jobakkevegen 44	6817 NAUSTDAL
-------------------	-----------------	---------------

Kopi til:

Statsforvalteren i Vestland Adresseliste	Njøsavegen 2	6863 LEIKANGER
Norges vassdrags- og energidirektorat Region vest	Naustdalsvegen 1B	6800 FØRDE
BKK Nett AS	Postboks 7050	5020 BERGEN
Statnett SF	Postboks 4904 Nydalen	0423 OSLO
Sunnfjord kommune	Postboks 338	6802 FØRDE
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020 BERGEN
Statens vegvesen	Postboks 1010 Nordre Ål	2605 LILLEHAMMER